


# FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 1  
FEBRUAR 2016  
ÅRGANG 39





DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 53 45 85 00

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802

[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Oma, Olav J. 906 38 825

[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydsprest:**

Friðleif Lydersen 471 76 743

[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Jan Overweg 901 97 069

[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog (vikar):**

Olsen, Johannes 913 61 574

[jool@fitjar.kommune.no](mailto:jool@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

**Styrrar Soknerådsbarnehage:**

Aarskog, Torunn 404 04 146

kontor 53 22 26 00

[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

**Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet**

kontonr. 3546.29.05805



Redaksjonelt



Verda er ikkje for  
amatorar

Vi lever i ei kravstor verkelegheit. Ei verkelegheit som får oss til å setje store krav til oss sjølv. Vi skal vere så flinke og vellukka. Det kan føre til at vi blir nådelause mot oss sjølv. Dei krav vi set til oss sjølv blir urimelege. Dei kan føre til at vi blir triste og motlause fordi vi ikkje klarer å leve opp til desse krava.

Friðleif Lydersen



I Paulus andre brev til korintarane 12,9 står det:

*Men Herren sa til meg: «Min nåde er nok for deg, for krafta blir fullenda i veikskap.» Difor vil eg helst vera stolt av veikskapen min, så Kristi kraft kan bu i meg.*

Herrens nåde er nok for deg og meg ifølgje Paulus, fordi den set oss inn i ein ny relasjon til Gud.

I Paulus brev til efesarane 2, 8-9 står det:

*«For av nåde er de frelste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gåve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv.»*

Nåden er gratis. Vi kan berre ta imot den. Vi kan ikkje betale for nåden. Gud er ikkje avhengig av kor flinke eller vellukka vi er. For han elsker oss akkurat slik vi er og kan bruka oss akkurat slik vi er. Gud har vist oss sin nåde, derfor kan vi vise oss sjølv nåde. Vi er fri, ver derfor frimodig og lev slik Gud har skapt deg.

**"Fitjar Kyrkjeblad"**

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

**Adresse:**

Kyrkjekontoret / rådhuset  
postboks 10, 5418 Fitjar

**Redaksjon:**

Olav J. Oma (red.)  
Karvel Strømme  
Torill Hartvedt  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 15. april  
til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

**Neste blad**

kjem etter planen 27. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

**Grafikk:** Henta frå freepik.com - **Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

# Ein líkandes kar ...

- som er optimist og gler seg til å møta fitjarbuen!

## Karvel Strømme

Det er den nye kyrkjelydspresten eg snakkar om, Friðleif Lydersen, som vart innsett 14. februar, men som har vore på plass på kontoret sitt på rådhuset sidan 1. februar. Der fekk eg ein hyggjeleg prat med han.

Friðleif er 39 år og opprinneleg færøylværing, men kom til Noreg for 14 år sidan og starta teologistudiet på Menighetsfakultet. 7 år seinare, då han var ferdig, fekk han prestekall i Bremanger og budde i Kalvåg.

Friðleif er gift med Lisbeth Nygård, som er soknediakon på Stord, der paret bur. Men han hadde kjennskap til Sunnhordland frå før, då han hadde stiftspraksis i Sveio, og seinare sommarvikariat der. Dessutan kjenner han Nobu frå studietida, og har truffe Olav i samband med ulike møte i bispedømet.

Kva han er opptatt av....innanfor prestegjeringa og utanfor ?

Her fortel han at han legg stor vekt på det pedagogiske i formidlinga av den kristne bodskapen, å nå fram til den målgruppa han er sett til å tena. Han vil gjerne vera inspirerande og prøva å setja bibeltekstane inn i dagens aktuelle situasjon. Elles likar han å lesa, og han peikar på ei bok som ligg open på skrivebordet, skriva av den danske presten og filosofen Kaj Munch.

Han ser fram til å vandra til fjells på Stordøya, for det var noko han brukte tid til i Bremanger, og henta inspirasjon frå naturen.

Og så vil eg sjølv sagt følgja med desse, seiar han, opnar jakka si og peikar på eit merke som er festa på jumperen. Så sanneleg; han er Liverpool-fan og har heia på laget fleire gonger, både på Anfield og i Oslo.

Eg vil gjerne høyra meir om heimstaden hans, Færøyane, som eg veit ein del om, fordi dei er næraste naboar til Island. Friðleif er frå staden Skålavik, der det i dag bur ca 160 menneske, og han kjem frå ein fiskarfamilie. Han trur nok at viss han ikkje hadde blitt prest, ville han nok studert noko innafor fiskerinæringa. Han var faktisk fiskar sjølv i to og eit halvt år før han drog til Noreg, og faren hans driv framleis med fiske heime, og så har dei sjølv sagt sauer, husdyret som har gjeve øygruppa namnet Færøyane (= saue-øyane). Vi snakkar litt om den religiøse tradisjonen på Færøyane, som sjølv om den er etter kvart er blitt svekka, framleis står sterkt.



Foto: Torbjørn Hovland

Det er høgmesse i radio og TV kvar sundag, og gjerne andakt om kvelden og kvar vekedag i tillegg, så ein må kunna sei at øysamfunnet framleis er prega av kristendomen.

Eg avsluttar med å ta eit bilete av Friðleif og ønska han lykke til med oppgåva si i Fitjar kyrkjelyd. Me gler oss, me og!

# Trusoppplæring våren 2016

**Denne våren vert det nye og gamle trusopp-  
læringstiltak i kyrkja. Me gler oss til å treffa igjen  
barn og til å bli kjend med nye barn.**

*Birgitte D. Brenne*

Her er ei oversikt over tiltaka denne våren. Invitasjon vert sendt til folkeregistrert adresse til alle som er medlem eller tilhørig i kyrkja, men alle i rett aldersgruppe får vere med. Det kjem og informasjon på heimesida ([www.kyrkja.no/fitjar](http://www.kyrkja.no/fitjar)) når ein kan melde seg på. Det er viktig at de følgjer med og tar kontakt om det ikkje kjem invitasjon! B står for Fitjar sin trusoppplæringsplan, «Båten», og talet står for alder på barna som er invitert. Når det gjeld alder, er det for dei som fyller dette året i 2016.

## **Kode B (B12) og Karneval (B8)**

Me har allereie hatt Kode B for 12-åringane og karneval for 8-åringane. Les meir om dette lenger bak i denne utgåva av kyrkjebladet!



## **Kode D (B13)**

Alle som er 13 år dette året, skal få lov til å vere disippel og misjonær. Dette er eit nytt tiltak, og då er det kjekt at ein kan få vere med erfarne damer på NMS sin årlege basar på bedehuset. Invitasjonar er allereie sendt ut til tiltaket som er 24. februar. Påmeldingsfrist er 22. februar.

## **Tårnagent (B9)**

I år er Tårnagenthelga 5. - 6. mars. Sjølv om me har hatt Tårnagentar i kyrkja mange gonger, er me IKKJE lei. Dette er ei helg med mykje song, leik, oppgåver, drama, bibellesing og mat så klart. Me gler oss til å ta imot 9-åringane.



## **Barnas påskefest (B6)**

Det er kjekt for alle som skal byrja på skulen til hausten å få samlast i kyrkja på hemmeleg klubb. Dei får ei gåve frå kyrkjelyden på gudstenesta og er invitert til sosialt samvær med familien sin etterpå. Datoen for denne samlinga er 10.april.

## **På sporet (B14)**

«På sporet» er ei sosial samling for alle som er 14, og som lurar på å vere konfirmant til hausten. Det er ein liten smakebit på konfirmanttida, med gudsteneste etterfølgd av ein liten tur for å oppdage Guds skaparverk. Dato er ikkje fastsett, men me trur det vert i april.



## **Båten (B10-11)**

Fredag 6. mai (som er ein inneklemt fridag for borna) håpar me på sol og varme i Breiavikjo. Då vil me gjenta suksessen med å arrangere Båten for alle som går i 4. og 5. klasse. Me er ute og opplever Bibelforteljingar gjennom naturen.



## **Pinsefest (B7)**

Media snakkar om at «folk flest» ikkje veit kva Pinse er, og kvifor me feirar denne høgtida. 7-åringane på Fitjar får kome i kyrkja å feire pinse og ha bursdagsfest for kyrkja. Dette vert ei samling etter skulen, mest sannsynleg ein ettermiddag i mai.

Me håpar at mange vil kome og vere med på dei arrangementa me skal ha framover!

**Tidlegare rektor ved Nansenskulen, forfattar og foredragshaldar Inge Eidvåg, tok til vår glede turen frå Lillehammer til fitjarkyrkja på temakvelden i januar, for å fortelja om si livssynsreise. Om utviklinga frå eit religiøst barneliv til «kristen agnostikar» som vaksen.**

Anne Hardeland

Han vaks opp i enkle kår på Hitra som ein av åtte søskjen. Som barn levde han i bedehustradisjonen og opplevde vekkingar som gjorde inntrykk, og han hadde tidleg eit sterkt ønske om å bli prest. Frå boka si las han om dei innhaldsrike gudstenestene han heldt for bestemora frå 6-års alder. Herlege minner.

Som 14-åring reiste han til Trondheim for å gå på realskule og gymnas, og seinare studier. For hans unge uferdige sinn, vart det ein kulturkonflikt å møte det sekulære fritenkjarmiljøet der. Kristian Scheldrup vart etterkvart eit føredøme for hans kristendomsforståing. Han vart kjend med Bertrand Russel sine tankar om at det ikkje finst bevis for at Gud er til, og byrja stilla spørsmål ved sin barnelærdom. Og vart meir og meir frafallen. Han las frå boka si om ein debatt han hadde med farmora heime på Hitra i den perioden, der han følte han klarte å setja henne til veggs med spørsmåla sine. Dette biletet hadde han enno med seg som ein tristhet over at han hadde vore så lite kjenslevar overfor eit truande menneske. Me har rundt oss det den danske filosofen Løgstrup kallar

«urørlighetssone», og ein må trø varsamt når ein skal nærma seg den.

Jesuskikkelsen fascinerer han, og særskilt i dagens flyktningesituasjon tenkjer han ofte: Kva ville Jesus sagt? «Eg har skapt deg, og eg har ingen andre hender enn dykkar», kan vera svaret. Eidsvåg opplever det som befriande med ein religionsstiftar som mengar seg med dei som fell utanfor det gode selskap. Nettopp dei vert omslutta av Guds kjærleik. Orda om å elska sine fiendar, tilgi og ikkje bekymra seg, kan kanskje kjennast urealistiske. Det er ein radikal visjon om fellesskap og rettferd. Men det er også viktig å sjå religionen sitt «Janusansikt» hevdar Eidsvåg. Den kan brukast både til det beste og det verste. «Bokstavtroforbannelsen» er farleg om den vert planta om til i dag, og om ein hevdar at eige syn er det einaste rette.

Me fekk også eit møte med to av diktarane han var mest glad i: Per Lagerkvist og Tomas Tranströmer. Lagerkvist skriv om det moderne mennesket sine lengslar etter mening og håp, og han henvender seg ofte til ein Gud han ikkje heilt trur på. Tranströmer fekk nobelprisen i litteratur «för att han i förtätade, genomlysta bilder ger oss ny tillgång till det verkliga.»

Eit lydhørt publikum engasjerte seg i hans livssynsreise. Han fylte rommet med varme og inderlighet og også humor, då han innvia oss i sine tankar omkring det mysteriøse som det eigentleg ikkje finst språk



Foto: Torbjørn Hovland

for. Han krydra framstillinga si med dikt, opplesing frå boka, med kunst og musikk. Dersom det finst eit gudsbevis, opplever han musikken til Bach som det. Om ein definerer seg som kristen er ofte avhengig av situasjonen. Er ein t.d. i eit muslimsk land, seier ein gjerne at ein er kristen, i meininga at ein kjem frå ein kristen tradisjon, sjølv om ein ikkje har eit personleg forhold til det religiøse.

«Me har ein tendens til å vilja halda fast på det me har, anten det gjeld materielle ting, livssyn eller livet. Å gje slepp kjennest som eit tap, som å missa seg sjølv. Men livskunst er ei evne til å gi slepp», meiner Eidsvåg. «Livssynet kan endra seg gjennom livet, men det er ikkje farleg: Det er helt all right!»

Eit spennande møte med ein beskjeden og ydmyk mann med ein respektfull inngangsvinkel til det åndelege. Dyktig formidlar og fortolkar av poesi og prosa. Ein undrar som enno ikkje var i mål på si reise.

**Ein hustrig vinterkveld fekk Kyrkjebladet koma inn i den varme heimen til Helga Olsen Aadland og få del i hennar salmevalg og bli betre kjend med den nye soknerådsleiaren.**

Anne Hardeland

Helga er oppvaksen i prestegarden på Fitjar saman med fire sysken i ein heim med mykje song og musikk. Etter vidaregåande på Lundeneset studerte ho til lærar i Kristiansand og Bergen, før ho tok eit år som medarbeidar på sjømannskyrkja i Paris. Der hadde ho særleg ansvar for ungdomsarbeid og studentar, mor-og barntreff, eldretruff og liknande. Så gjekk ferda til Oslo der ho traff André som ho gifta seg med, og dei har tre barn. For snart fire år sidan flytta dei attende til Fitjar, og ho synest det er strålande å bu her.

Musikken har alltid vore ein viktig del av hennar liv, og ho har også det som fag. Hovudinstrumentet er tverrfløyte, men ho spelar også piano og gitar. Det er mange i Oslo og på Rimbareid skule, der ho no arbeider, som har lært å spela gitar av henne.

«Det er så mange vakre salmer at det er ikkje lett å velja ut ein. Eg er veldig glad i salmer. Dei har så mange vakre gammaldagse formuleringar,» seier ho. Ein av dei ho likar godt, og som dei hadde i bryllupet sitt, er «Tett ved sida mi går Jesus». I dag vil ho derimot velja ein mindre kjend, « Fordi han kom og var som morgenrøden». Den traff noko i henne så sterkt den første gongen ho høyrde den, at ho måtte finna ut meir når ho kom heim. Både tekst og melodi er latinamerikansk, og den har ein

levande, melodios og vakker tone. Teksten formidlar håpet me har, og dei mange grunnane me har til å ha det. Mykje av grunnen til at me held ut i kristenlivet er at me har dette håpet å leva etter. «Det er så fint at salmen seier noko om at Guds son også var ein av våre og gjekk omkring her på jorda og hjalp også dei som fall utanfor. Det er ein salme som kanskje ikkje så mange har lest, og som kan gje ein noko å tenkja på.»

Den nye soknerådsleiaren har sin bakgrunn i kristent arbeid. Allereie som student var ho med i «Laget» og fekk m.a. arbeida i sjømannskyrkja etter det. No er ho aktiv medarbeidar i det populære Fitjar Barnegospel. Der kan borna bli med frå det halvåret dei fyller 5 år. Dei øver dei fleste torsdagar frå 17.30 til 18.30 på Bedehuset med fullt band. På Fitjar prøver dei å opptre tre gonger i halvåret, og har også hatt eit par songoppdrag andre stader. Alle som ønskjer det er hjarteleg velkomne til å vera med!

Arbeidet i soknerådet er viktig og spennande, synest den nye leiaren. Det er viktig for ei bygd å ha eit kristent arbeid som fungerer bra. At ungane har ei trygg ramme rundt livet sitt. Det er mange ting som skjer i bygda, og folk er flinke til å stilla opp og delta. Då ho stilte som kandidat til soknerådet, var det mange som sa dei ville hjelpa til hvis ho vart valgt, og ho ser det som viktig å ha folk rundt seg som støttar opp. Barne- og ungdomsarbeidet i Fitjar må vera eit felles prosjekt, også dei i krinsane må dra i lag. Ho saknar «Guteklubben». Frå 5. klasse kan borna vera med i «Klubben»,

Helga Olsen  
Aadland



## Fordi han kom og var som morgonrøden

Tekst: Federico José Pagura  
Omsett av Holger Lissner/Estrid Hessellund  
Melodi: Homero R. Perera

1  
Fordi han kom og var som morgenrøden  
og brøt Guds taushet og vår angst for døden,  
fordi han gjennom handlinger og taler  
har lukket porten opp til Himlens saler,  
fordi han var Guds sønn og en av våre  
og gikk omkring i gater og i gårder,  
fordi han lot de siste bli de første  
og lot de blinde se og småfolk trøste,

så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær selv når vi lider,  
så kan vårt brutte håp som solen stige,  
så kan vi se at kommet er Guds rike.  
Så kan vi holde ut i vonde tider,  
så vet vi Gud er nær selv om vi lider,  
så kan vårt brutte håp som solen stige.  
Gud er hos oss.

2  
Fordi han jaget kremmere fra templet  
og innbød dem de fromme hadde stemplet,  
fordi han lo når barna sang og danset  
og spredte liv som prester ikke sanset,  
fordi han tømte kalken uten klage  
og måtte gallen fra vår ondskap smake,  
fordi han bar sitt kors og våre synder  
slik at hans død vårt nye liv forkynner,

3  
Fordi en morgen så ham sprengte graven  
og dødens brodd ble brutt den dag i haven,  
fordi Guds budskap om ham ikke stanser,  
men bryter ut i sang og danser,  
fordi hans Ånd får hjerter til å smelte,  
og med et pust får murer til å velte,  
fordi hans Ånd får gamle til å drømme,  
gir unge syner om at liv kan strømme,



jentene har jenteforening på Bedehuset kvar veke, dei yngste kan vera med i barnegospelkoret (men her er fleirtalet jenter), men for gutar før 5.klasse er det ikkje eit tilbod. Det ønskjer ho seg.

Kyrkjelyden har no fått ny kyrkjelydsprest, og Olsen Aadland gler seg til samarbeidet. Ho vil arbeida for at han får fortsetja lenger enn dei to prosjektåra som no er vedteke: «Eg synest det er viktig at alle, ikkje minst ungdommane får kjenna ein prest. At dei er trygge på kven dei har framfor seg. Ein som er open og kan gå i dialog med dei. Særleg i vanskelege livssituasjonar er det godt å ha eit forhold til den ein møter, og er det to prestar i bygda vert det også to å dela på. Kyrkja sin økonomi vil bli meir sjølvstendig etter kvart, og då er me avhengige av å få nok midlar frå frivillige for å få til dette.»

Det nye soknerådet er i full gong med idémjldring for arbeidet framover og for kyrkjejubiléet som står for tur. Det blir spennande og flott å få nytt kyrkjeorgel. Ikkje minst no når me også har fått ein dyktig kantor. Den kyrkjelege aktiviteten vert flytta til Bedehuset i nokre månader mens orgelet blir bygt.

Helga Olsen Aadland har ein allsidig og god bakgrunn for å leia soknerådet framover. Sympatisk, kunnskapsrik, og med klåre meiningar om kva ho ønskjer å få til. Me gler oss til samarbeidet og ønskjer henne hjarteleg lukke til i arbeidet!

**Fitjar kyrkjelyd er ein aktiv og levande kyrkjelyd. Slik har det vore, og slik yn-sker me at det skal fortsetja! Engasjementet for å få ny kyrkjelydsprest har vore stort. No er den nye kyrkjelydspresten Friðleif Lydersen godt i gang i stillinga. Dette er me svært takksame for! Det er godt å ha fleire gode medarbeidarar til å løfta arbeidet.**

### Helga Aadland

Trusopplæringsplanen er no i bruk. Denne sikrar at borna har tilbod om aktivitetar og opplæring kvart år frå 0 til 18 år. Mange av desse tiltaka er populære, mellom anna Babysong, Tårnagetar og Lys Vaken. Det er viktige å ha gode møtepunkt for å bli kjent med dei unge, og for at dei unge skal bli kjent med både trua. Det er viktig å ha trygge vaksne dei kan snakka og reflektera saman med.

Kyrkja får pengar frå det offentlege til store delar av drifta. Denne støtta er dessverre ikkje nok til å oppretthalda

bemanninga eller aktiviteten på det nivået me har no. Me har tidlegare hatt ei god innsamling gjennom fast gjevartene. Denne ordninga vil me no fornya. Me håpar mange vil vera med å halda oppe arbeidet!

For å vera fast gjevar kan du leggja det inn som ein fast sum med fast trekk på kontoen din. Sjå kontonummer framme i kyrkjebladet. Om du heller vil ha avtalegiro eller giroar, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret. Alle har rett på skattefritak på slike gåver. For å få denne fordelene må du òg ta kontakt med kyrkjekontoret.

Dersom du ønskjer å vera med å bestemma kva gåva di skal gå til, kan du skriva det på giroen. «Kyrkjelydsprest» eller «Trusopplæring» er det me no treng å gje eit ekstra løft. Gåver som ikkje er merka, fordeler soknerådet der det er trong for det.

No er me frimodige, og håpar du vil vera med å bidra til framleis godt arbeid!



## Kyrkjelydstur til Helgatun

*Dato: 1. - 3. april*

Tradisjonen tro vert det kyrkjelydstur til Helgatun i vår. Sett av 1.-3.april; ta med deg born, besteforeldre, foreldre, kjæreste, vener eller naboen... og kom! Denne helga vert fylt av mykje kjekt sosialt samvær. Du kan rekne med å le, få stå på ski, ete god mat og vere saman med andre. Denne helga er det framleis truleg bra med snø i Myrkdalen, og du får sjølvstilt velje om du vil stå i bakken eller ta med deg langrenns-ski. Det er ingen øvre eller nedre aldersgrense, alle er hjarteleg velkomen!

<b>Pris:</b> Vaksne	kr 1.190,-
Barn 3-7 år	kr 595,-
Barn 8-15 år	kr 835,-
Evt. eineromstillegg	kr 150,- pr. natt

**Påmelding:** [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no) innan 1. mars

**Dette er tiltaket for dei som vert 12 år. Kode B handlar om Bibelen, ei bok full av kodar.**

Birgitte D. Brenne

I år var det fire gutar med på Kode B, og me var samla fire torsdagar i januar og februar. På samlingane hadde me det veldig kjekt. Me las i Bibelen saman, me snakka om kva tekstane handla om, me åt mat som var knytt til tema eller Bibelen generelt, me hadde skattejakt og me undra oss over store spørsmål som til dømes: Kjem Jesus tilbake? Og i så fall korti?

Kode B vart avslutta ved at gutane var med på gudstenesta 7. februar. Der tok dei del i handlingar og oppgåver som er vanleg på ei gudsteneste. Dei gjekk inn i prosesjon, ba inngangsbøn, las bibeltekstar, tok del i dåpshandlinga og lyste velsinginga saman med presten.

Me håpar at gutane, gjennom Kode B, har fått oppleve at Bibelen er ei rik og spanande bok som betyr noko for deira liv og at dei er blitt nysgjerrig på Bibelens mangfaldige innhald.



## SØNDAGSSKULE

På **Fitjar bedehus kl. 11.00** til vel kl. 12 dei søndagane det ikkje er familiegudsteneste i kyrkja.

### 3 grupper:

**Søndagsskulen, for dei frå ca 2 år – 6 år**, samlest i hovudetasje til Bibelforteljing, song og aktivitetar.

**Bibelagentane, 1.-3. klasse**, samlest på loftet til Bibelforteljing, song, oppgåver, aktivitetar og spel.

**Bibelgjengen, for dei i 4. klasse og oppover** samlest i kjellaren til ulike Bibelaktivitetar og oppgåver.



### Våren 2016:

**10.01 Søndagsskule**

**17.01 Søndagsskule**

**24.01 Søndagsskule**

**31.01 Søndagsskule**

07.02 Familiegudsteneste

14.02 Ikkje søndagsskule

**21.02 Søndagsskule** (ei stor gruppe)

**28.02 Søndagsskule**

06.03 Familiegudsteneste

**13.03 Søndagsskule**

20.03 Palmesøndagsgudsteneste

27.03 1. påskedagsgudsteneste

**28.03 Grilling og koking av påskeegg i Breiavíkjo kl. 12.00**

**03.04 Søndagsskule**

10.04 Familiegudsteneste

**17.04 Søndagsskule**

**24.04 Søndagsskule**

**01.05 Avslutningstur til Huglo**




**VELKOMEN !**

Arr.: Fitjar søndagsskule



## Heimesida

Har du gløymt at Fitjar kyrkjelyd har si eiga heimeside? Eller er du innom frå dag til dag? Me vil jobbe for at heimesida vert oppdatert både med ein god kalender og nyhende. Målesetjinga er minst ei nyhende for kvar veke. Me jobbar heile tida for at sida skal vere interessant, nyttig og kjekk å lese. Kom gjerne med tilbakemeldingar og/eller tips! Birgitte D. Brenne er ansvarleg for å halde heimesida ved like.





# Bedehus-program

## Stranda bedehus

04.03.	kl. 18.00	Basar til inntekt for Stranda bedehus
02.04.	kl. 15.00	Misjonsfest for NMS
06.04.	kl. 19.30	Møte Indremisjonen Tale v/ Kåre Johan Hamre
23.04.	kl. 16.00	Basar for NMS Andakt og song v/ Håkon C. Hartvedt
28.04.	kl.19.30	Kristen Muslimmisjon v/ Herdis Heimdal

## Øvrebygda bedehus

18.02.	kl. 19.30	Kristen Muslimmisjon
21.02.	kl. 19.30	Søndagsmøte
28.02.	kl. 19.30	Søndagsmøte
04.03.	kl. 17.00	Kvinnenes internasjonale bønnedag
06.03.	kl. 19.30	Søndagsmøte
09.-13.03.	kl. 19.30	Fellesmøter på Øvrebygda skule m/Roald Evensen
02.04.	kl. 15.00	Misjonssamling for heile kommunen Målfrid Sandvik og Emanuelle Chanse



Roald Evensen har møter på Øvrebygda skule 9. - 13. mars

## Fitjar bedehus

17.02.	kl. 19.30	Nattverdmøte
21.02.	kl. 19.30	Søndagsmøte NMS
23.02.	kl. 19.00	Årsmøte Fitjar bedehus
24.02.	kl. 18.00	Basar Normisjon
26.02.	kl. 19.30	Møte v/Olav Eikemo
27.02.	kl. 19.30	Møte v/Olav Eikemo
28.02.	kl. 17.00	Storsamling, andakt v/Olav Eikemo
29.02.	kl. 19.00	Årsmøte Radio Fitjar
02.03.	kl. 19.30	Kristen Muslimmisjon
06.03.	kl. 19.30	Søndagsmøte Normisjon
09.-13.03	kl. 19.30	Fellesmøte Øvrebygda v/Roald Evensen
20.03.	kl. 17.00	Palmesøndagstreff (storsamling)
24.03.	kl. 19.30	Nattverdmøte
27.03.	kl. 19.30	1. påskedagsmøte v/Kåre Johan Hamre
03.04.	kl. 19.30	Søndagsmøte m/forbønstund
09.04.	kl. 09.00	Seminardag Israelsmisjonen
10.04.	kl. 19.30	Søndagsmøte
16.04.		Årsmøte Den Indre Sjømannsmisjon
17.04.	kl. 17.00	Storsamling v/Marit H. Ådnanes
19.-24.04.	kl. 19.30	Møteveke v/Finn Arve Lauvås

## Temakvelder i Fitjar kyrkje våren 2016



arr.: temakveldgruppa i samarbeid med soknerådet



**18. februar 19.30**

Konsert med Sveinung Hølmekvold



**17. mars 19.00**

Ein kveld saman med Fitjar skulekorps



**28. april 19.30**

"Når tåken letter"  
Møte med eldre menneske gjennom eit langt presteliv v/Idar Simonsen



**EL-PROFFEN**

www.los-elektro.no  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



TLF: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80  
Internett: www.mestervindu.no

**III GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)  
E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09  
www.rydland.as post@rydland.as



- Rydland 53 49 74 40



No kan du bestille time på nett:  
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:  
Man-tys-fre: ..... 9-16  
Ons-tor: ..... 9-18  
Laurdag: ..... 10-14  
Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER:  
Mån, tirs, fre: ..... 9-16  
Ons, tors: ..... 9-18  
Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1. 2. etg  
i Larsen bygget

Fiks frisyren  
hos oss!

For timebestilling ring:  
**53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRONAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

www.vesthaugane.no  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381



Mobilnr: 951 89950



**STEINGARD AS**  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**Fitjar-Posten**

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00

53457220  
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



Kalveid, 5419 Fitjar  
[www.kvernenesbaat.no](http://www.kvernenesbaat.no)  
Telefon: 918 18 157  
[baatbygg@online.no](mailto:baatbygg@online.no)



Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



Videoen  
Kiosk



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro  
og catering

48 04 19 09



AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

**ODDVAR VOLDEN**

Transport – Kraning


5419 Fitjar

Tlf.53497466 – mob 908 42414

**SparebankenVest**  
- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

Kirkens SOS



Trenger du  
noen å snakke med?

815 33 300



Syng med oss !  
OSTERNES MANNSKOR

# Slekters gang

## Døypete:

### 10.januar:

Jostein Næverlid Lunestad

### 24.januar:

Izak Håkonsen Michelsen

Lucas Kjørberg Torland

Henrik Randles Vestvik

### 31.januar:

Birgitte Sørvik Pedersen

William Mehammer Tislevoll

Malene Henriksen

### 07.februar:

Kiran Noreide Stokken

## Jordfeste:

Jens Storevik

*f:24.08.1937 d:04.11.2015*

*Bisetjing*

Eli Norene Soltvedt

*f:14.06.1950 d:11.11.2015*

*Bisett frå Fjell kyrkje*

Margit Hovland

*f:09.01.1926 d:29.11.2015*

*Bisetjing*

André Isdal Fitjar

*f: 06.12.1979 d: 15.12.2015*

*Human Etisk gravferd*

Elsa Stokken

*f: 12.09.1936 d: 01.01.2016*

Aslaug Olufine Lillenes

*f: 18.02.1918 d: 14.01.2016*

Oddvar Arne Hovlandsvåg

*f: 31.01.1938 d: 21.01.2016*

*Bisetjing*

Torvald Meidell Dahle

*f: 21.01.1926 d: 27.01.2016*

Hans Martin Fitjar

*f: 03.09.1933 d: 28.01.2016*

# Gudstenesteliste

18.02.	Torsdag	19:30	Temakveld med Sveinung Hølmebakk
21.02.	2sif	11:00	Hovudgudsteneste ved Fridleif Lydersen, Takkoffer: Kirkens SOS
28.02.	3sif	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Normisjon
06.03.	4sif	11:00	Hovudgudsteneste Tårnagenthelg ved Olav J. Oma og Fridleif Lydersen, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
13.03.	MB	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: IKO
17.03.	Torsdag	19:00	Temakveld – Konsert med Fitjar skulekorps
20.03.	Palmesøndag	11:00	Familiiegudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: NMS
24.03.	Skjærtorsdag	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: NLM
24.03.	Skjærtorsdag	18:00	Øvrebygda bedehus Høgmesse ved Olav J. Oma
25.03.	Langfredag	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma
27.03.	Påskedag	11:00	Høgtidsgudsteneste ved Olav J. Oma og Fridleif Lydersen, Takkoffer: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
28.03.	2. påskedag	11:00	Dåfjorden bedehus Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma og Fridleif Lydersen
31.03.	Torsdag	20:00	Kveldsbøn
03.04.	2sif	09:30	Helgatun Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma
10.04.	3sif	11:00	Hovudgudsteneste Barnas påskefest ved Olav J. Oma, Takkoffer: Barnegospel
17.04.	4sif	11:00	Hovudgudsteneste ved Fridleif Lydersen, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
21.04.	Torsdag	20:00	Kveldsbøn
24.04.	5sif	11:00	Hovudgudsteneste ved Olav J. Oma, Takkoffer: Acta
28.04.	Torsdag	19:30	Temakveld med Idar Simonsen